



Dykkar ref. : Vår ref. : Kristian Råsberg / Ruth Kongsvik Brandvik / Lena Vermedal

Dato : 17.03.2026

## Høyringsssvar – forskrift om styring av akvakultur

### Om oss

Alsaker Fjordbruk er eit heilintegrert havbrukskonsern med klekkeri, settefisk, matfisk, slakteri og rederi. Me har verksemd i 14 kommunar i Hordaland og Rogaland, 350 tilsette og omsette for omlag 3 milliardar kroner i 2025. Me er eitt av Noregs største privateigde havbrukskonsern, og inngår i Meidell-konsernet med hovudsete på Onarheim i Tysnes kommune.

Me er ein av dei oppdrettarane i landet som har levert best biologisk og økonomisk resultat dei siste tiåra. På den biologiske sida har me levert resultat som ligg vesentleg betre, både på landsbasis og regionalt:

Dødelegheit	2024	2025
Noreg	15,4%	14,2%
Alsaker Fjordbruk	9,2%	8,6%
PO2	12,2%	18,2%
Alsaker Fjordbruk PO2	7,1%	9,1%
PO3	17,5%	15,2%
Alsaker Fjordbruk PO3	10,0%	8,5%

Kjelder: Veterinærinstituttet (VI) og Alsaker Fjordbruk. PO1/2 2025 samla.

Me meiner ingen i næringa kan vera nøgde med ei dødelegheit på 15%. Alsaker Fjordbruk hadde ei dødelegheit på 8,6% i 2025, langt under landsgjennomsnittet. Likevel er me ikkje nøgde - og me jobbar systematisk og operasjonelt kvar dag for å betre og sikre fiskevelferda og overlevinga i våre anlegg. God fiskevelferd er ein grunnleggande føresetnad for å tene pengar. Me handterer fyrst og fremst biologisk risiko på lokalitet, ikkje i desentraliserte kontrollrom. Styreleiar og størsteparten av konsernleiinga er difor faste deltakarar i vårt vekebaserte operasjonelle driftsmøte.

Alsaker Fjordbruk vil ikkje støtta forslag til ny forskrift om styring av akvakultur, fordi fokus blir flytta frå biologi til byråkrati. Me har i dag ei velutvikla internkontrollforskrift, og leverer i tråd med denne dagleg. Vår erfaring tilseier at årsaker til dødelegheit ikkje kan tilleggjast manglar i forskrifta, men heller uføresette biologiske hendingar. Tilsyna må fokusere meir på biologi og biologiske operasjonar - og avdekke reelle problemstillingar og forbetningsområder på merdkanten, heller enn byråkratiske prosessar.

### Bakgrunn/rammeverket

I høyringsnotatet vert det vist til at forslaget følger opp tilrådingar gitt i Riksrevisjonen sin rapport om myndigheitene sitt arbeid med fiskehelse og fiskevelferd i havbruksnæringa. Riksrevisjonen sin kritikk er fyrst og fremst retta mot myndigheitene si eiga oppfølging, der seks av sju hovudkonklusjonar rettar seg direkte mot regelverk, forvaltning og tilsyn, mellom anna at Mattilsynet har vesentlege forbetningspotensial for risikobasert tilsyn. Heller enn å gjera ei regelverksendring, bør ein sjå på si eiga oppfølging av eksisterande regelverk. Forslaget til ny forskrift startar altså i feil ende.

Det er allereie etablert eit omfattande regelverk som har direkte negative konsekvensar i næringa som myndigheitene ikkje klarer å følge opp. Riksrevisjonen skriv bl.a "Etter

Alsaker AS

Alsaker  
Fjordbruk AS

Alsaker LFC  
Holding AS

Alsaker LFC  
Service AS

Beinved  
Bruk AS

Bjølve  
Bruk AS

Bolstad  
Bruk AS

Fjelberg  
Fjordbruk AS

Fjon  
Bruk AS

Fjordbruk  
Service AS

Fjordbruk Service  
Holding AS

Nordsjø  
Fjordbruk AS

Onarheim  
Bruk AS

Rogaland  
Fjordbruk AS

Røvær  
Fjordbruk AS

Salar  
Bruk AS

Viking  
Fjord AS

Ølve  
Bruk AS

*Riksrevisjonens vurdering bidrar dagens strenge krav til lusegrenser og tilgjengelige avlusingsmetoder til dårligere fiskevelferd.*” Dette er kjent for Departementet utan at det har gitt endringar i regelverket.

Høyringsnotatet peikar òg på Regjeringa sin uttalte målsetnad om å redusere dødelegheita i havbruksnæringa ned mot 5%. Dette skal nås gjennom systematisk arbeid på det enkelte anlegg hjå den einskilde oppdrettaren. Me er samde om at løysinga for betre overleving ligg i biologiske og operasjonelle forhold på merdkanten, noko våre eigne erfaringar underbyggjer. Dette tek ein derimot ikkje høgde for i det framlagde utkastet til ny forskrift, og slik framstår forskrifta med store, direkte manglar.

Forskriftsforslaget gjev inntrykk av at ei ny forskrift, med fokus på heilskapleg risikostyring, er løysinga på for høg dødelegheit i næringa. Dette er me sterkt ueinige i. Utvikling i vår verksemd syner at me er på rett veg, og jobbar kontinuerleg med forbetringar innanfor dagens regelverk – og leverer resultat på det. Me kan ikkje sjå at ei ny styringsforskrift med nye byråkratiske krav, er fasiten og løysinga for redusert dødelegheit. Som næringsaktør veit me kvar skoen trykker kvar dag. Me har alt å tape på at fisk døyr, og gjer vårt aller beste for å redusere risiko for dødelegheit. Oppdraget vårt er å få fisken frisk og levande fram til slaktebenken. Ny styringsforskrift med ytterlegare byråkratisering vil ha motsett effekt, og fjerne fokus bort frå merdkanten og biologien.

Vår heilt klare erfaring er at tett operasjonell oppfølging er den sentrale nøkkel for å handtere biologisk risiko. Me har bygd våre styringssystem etter biologisk risiko på lokalitets- og merdnivå med mål for produksjon, risikostyring av operasjonar, overvaking/kontroll/dokumentasjon av prosessar og kontinuerleg læring og forbetring. Det er på strategisk nivå bestemt at biologisk risiko skal handterast på lokalitet, ikkje i desentraliserte kontrollrom eller styrerom.

I Mattilsynet sine systemrevisjonar dei siste par åra er det allereie implementert krav om heilskapleg risikostyring, som føreslått i denne nye forskrifta. Dette opplevde me hausten 2025 då verksemda vår var gjennom systemrevisjon. Mattilsynet meinte me mangla heilskapleg risikostyring, og gav oss avvik på det. Dei kalte det eit regelbrot, sjølv om vårt risikosystem er i tråd med dagens IK-akvakulturforskrift. Gjennom revisjonen var det marginalt fokus på korleis me faktisk jobbar for å redusere (risiko for) dødelegheit i våre daglege operasjonsplanlegging. Tilsynet vart opplevd å ha eit sterkt byråkratisk skrivebordsfokus, som var distansert frå kritiske operasjonar ute ved merdkanten.

I forslaget til ny forskrift er det heilskapleg risikostyring som er stikkordet, med teoretisk referanse til NS 5814:2022 for risikovurdering - og vidare tilvising til både sløyfediagram, bayesiansk nettverk og liknande uttrykk for å berekne og gje innsikt i kausale samanhengar og etablere kvalitative uttrykk for usikkerheit.

Oppdrettsnæringa sin største risiko er biologisk. Denne må me handtere dag for dag, merd for merd, og er overordna alle andre risikoar. Vær, klima, ytre miljø, algar, manetar, politisk risiko, regelverk og ei rekkje andre forhold forstyrar dette. All risikostyring, strategisk og operasjonelt, er relatert til denne eine, store altoverskyggande risikoen; biologien.

Me jobbar for å løyse dei daglege utfordringane me står i, og er ikkje nøgde sjølv om me har resultat som er langt betre enn oppdrettsnæringa generelt, og annan intensiv matproduksjon. Berekingar viser at både kylling- og griseproduksjon har dødelegheitsrater på ca 3% per måned eller over 35% på årsbasis. Dette er meir enn to gongar høgare enn dødelegheita for laks, og heile 10 gongar høgare enn ambisjonen om ned mot 5% dødelegheit, som utgjer 0,3% på månadsbasis (Tekmar 2025).

Me opererer i ein bransje der alt endrar seg, kvar dag - heile tida. Moderne styringsprinsipp i olje- og gassindustrien er ikkje eigna til å overførast til vår bransje. Når myndigheitene vil tilnærma seg krav til eit meir moderne system, meiner me ein må sjå til faktiske forholda og utvikle eit regelverk tilpassa biologisk produksjon og levande individ.

### **Forslaget flyttar fokuset bort i frå biologisk produksjon**

Alsaker Fjordbruk er uroa for at dette forslaget vil flytte fokus frå biologisk produksjon til administrering, der også mentaliteten på merdnivå vert endra frå røkting og biologisk produksjon til skjematisk risikostyring.

Me er sikre på at korleis selskapa riggar og organiserer seg, også påverkar mentaliteten på merdnivå; som igjen får følgjer i høve til biologiske resultat. I delar av norsk oppdrettsnæring i dag har me trendar kring sentraliserte føringssentralar, der resultatet er at ein mistar nærleiken og eigarskapet til fisken på merdkanten.

Vidare ser me trenden knytt til bløggebåtar som vert nytta som bergingsbåtar, som me er heilt sikre på medfører hardare arbeidsoperasjonar, der timerate på båten er viktigare enn å gje fisken den naudsynte tida. Bergingsbåten vert ei livline for oppdrettaren som har hastverk med å få opp fisken. Me har strategi på å ikkje nytte bergingsbåt, og planlegg arbeidsoperasjonane med sikte på å gjennomføre arbeidsoperasjonen mest mogleg skånsamt. For å sikre fiskevelferd skal svak fisk, som ikkje tåler behandling, heller ikkje verte behandla. Resultatet er lågare dødelegheit, betre produkt og betre biologisk og økonomisk resultat. Bergingsbåtar reduserer ikkje dødelegheit, men kamuflerer den.

Dette forskriftsforslaget vil ikkje redusere dødelegheit, men auke den; fordi ein flyttar fokuset bort i frå biologien.

Me har dei siste tiåra sett korleis Mattilsynet har utvikla seg frå å vera samarbeidande rådgjevarar, stort sett med veterinærbakgrunn, til å verte ein rein tilsynsetat med fleire og fleire juristar. Dette har over tid flytta fokuset vekk i frå biologien.

Hjå oss er målet at flest mogleg friske fiskar skal fram til slaktebenken, god biologi gjev god økonomi. Det er enkelt og målbart.

Difor er me uroa for den utviklinga me har sett i næringa over fleire år. Det er ikkje fleire forskrifter og reglar som vil betre fiskevelferda og redusere dødelegheita. Ei ytterlegare byråkratisering vil berre medføre at biologien kjem enno lengre bak i rekka av målsetnadar oppdrettaren skal oppfylle, sjølv om biologien til sjuande og sist er det bærande i alt me gjer.

Me har ikkje råd til ei ytterlegare byråkratisering av oppdrettsnæringa.

Det regelverket me har i dag er godt tilpassa dagens situasjon, og dei risikostyringssystema me har – og krava til desse – fungerer og vert brukt i kvardagen. Ei innføring av akvastyringsforskrifta som føreslått, vil i enno større grad enn i dag gjera oppdrettarane til skrivebordsrøktarar, og medføre at biologien tapar overfor eit byråkrati som manglar praktisk erfaring og sunt bondevit.

Med venleg helsing

**Alsaker Fjordbruk AS**



Kristian Råsberg  
Samfunnskontakt  
kristian.rasberg@fjordbruk.no



Ruth Kongsvik Brandvik  
Bærekraftskoordinator  
ruth.kongsvik@fjordbruk.no



Lena Vermedal  
Kvalitetsleiar  
lena.vermedal@fjordbruk.no